

Radøy mållag - årsmelding 2018

Årsmøtet 2018 vart halde i kommunestyresalen på Manger 6. mars. Årsmøtepapira vart sende ut på førehand. Årsmøtet handsama vanlege årsmøtesaker.

Tillitsvalde i arbeidsåret :

Styret :

Geir Olav Repål, leiar

Wenche Frantzen, nestleiar

Bergfrid Tjore, kasserar

Jan Tore Skråmestø, skrivar

Silje Namtvedt, styremedlem

Vara: Sølvi Helen Kvalheim Mjøs Jannicke S. Nordanger

Ettersyn: Jon Askeland og Harald Jordal

Valnemd: Mona Brekkan, Elisabeth Bygstad og Linn Merethe Myrtveit

Kalendernemd: John William Kay, Helga Kolstad, Arthur Kleiveland, Jan Tore Skråmestø

Aktivitetar i laget

Styret har hatt 6 styremøte.

Ingen utsendingar på fylkesårsmøte. Ingen utsendingar på landsmøte.

19. september deltok fleire av styremedl på eit fellesmøte med dei andre mållaga i Nordhordland. Der diskuterte me m.a. moglege framtidige samarbeidsprosjekt. Etter møtet tok Alversund Mållag initiativ til å invitera folk frå Fjell kommune som har jobba med prosjektet «stolt av eige språk». Det vert eit ope møte 20. februar der dei fortel om prosjektet og mogleg inspirera mållaga og utdanningsforbundet til å dra i gang eit liknande prosjekt i framtidige Alver kommune.

3. oktober kom forfattar Arnfinn Kolerud til Radøy bibliotek. Han fortalte og las frå forfattarskapen sin, med fokus på bøkene om Vassbygda, den siste staden i Noreg som framleis nyttar nynorsk. Dei 10 framførte fekk ein god time med mykje lått og løye.

Radøykalender 2019. Mållaget representert på julemessa i Radøyhallen 9. 12 der ein i tillegg til sal av Radøykalender, og prøvde å verva nye medlemmar og profilere nynorsken. Opplag på 500. Bra sal.

Norsk Barneblad til alle 5. klassingane i Radøy kommune.

Medlemer pr. 31.12. 2018 : 92. Ein liten nedgang

Styret vil til slutt takka alle medlemmene i laget som har gjort ein innsats for å fremja nynorsken

Skjelvik, 10.02.19

Styret i Radøy Mållag

